

# VOSSA JAZZ

## RAPPORT - VOSSA JAZZ - 2010

Vossa Jazz vart skipa til 26.-28. mars. Festivalen hadde ein god auke i publikumsbesøk og den kunstnarlege delen var framifrå. Me kan slå fast at festivalen var ein suksess!



X3M  
JAZZ

I løpet av festivalen fann 53 tilskippingar stad der i alt 50 band medverka. Antal betalande publikumsbesøk på tilskippingane var i underkant av 12 000. Med godt besøk på gratiskonsertar, gjester, akkreditert presse, musikarar og medarbeidarar hadde festivalen total over 17 000 publikumsbesøk. Det var 257 medarbeidarar som sytte for at gjennomføringa av Vossa Jazz gjekk etter planen.

## NYSKAPANDE

Med ein poetisk hyllest til jazzen opna Frode Grytten, med Ole Amund Gjersvik på kontrabass, den 37. festivalen. Opningskonserten stod Charlie Haden Quartet West for, ein vakker start på ei helg i musikkens teikn.

Nye produksjonar i 2010:

- Tingingsverket "Songs about this and that", Karin Krog og John Surman
- Vozzakvarts; Kvarts med Helge Lien og Torben Snekkestad
- Scent of Soil: Tore Brunborg og Kirsti Huke
- Ekstremjazz leia av Jon Balke
- Tingingsverk til Badnajazz med Side Brok og elevar frå Bjørgum og Brakanes skule



Karin Krog

Sentralt under festivalen stod som alltid Tingingsverket, denne gongen av og med Karin Krog og John Surman. Saman med Ivar Kolve på vibrafon, Bjørn Klakegg på gitar, Magne Tormodsæther på bass og Stein Inge Brekkhus på trommer, leverte dei eit verk som bestod av vakre melodiar og utsøkt musisering. "Songs about this and that" var det 29. tingingsverket levert til Vossa Jazz.

Vozzakvarts var ei bestilling som handla om Vossa Jazz sin profil som kryssar folkemusikk og jazz der folkemusikkgruppa Kvarts hadde med seg dei glitrande jazzmusikarane Helge Lien på flygel og Torben Snekkestad på saksofon. Nyskriven musikk og norsk jazz var nok ein gong sterkt representert.

Bak prosjektet "Scent of soil" står Tore Brunborg og Kirsti Huke som komponistar og musikarar. Med seg hadde dei Petter Vågan på gitar, Rune Nergaard på bass og Gard Nilssen på trommer. Dei leverte eit lyrisk og rocka prosjekt.

Ekstremjazz fann stad for fjerde gong med Jon Balke som kunstnarisk leiar, han hadde laga ny musikk med utgangspunkt i Harald Sæverud "Kjempeviseslått". Noko av målsettinga med kryssover-tiltak er m.a. at tilhøyrarane skal få oppleva noko dei ikkje normalt oppsøker. Bak gratisframsyninga på Hangur laurdag føremiddag stod Jon Balke på tangentar, Per Jørgensen på trompet, Petter Vågan på gitar, Helge Norbakken på perkusjon og Snorre Bjerck på trommer. I tillegg var rundt 40 ekstremsportutøvarar med; fallskjemhopparar, paraglidarar, hangglider og speedflygarar. Samansmeltinga vart ei estetisk og dramatisk framsyning av musikk og scenografi. Ekstremjazz med møte mellom jazz og ekstremспорт er eit unikt prosjekt Vossa Jazz vil utvikle vidare.

Tingingsverket til Badn jazz med Side Brok og elevar frå Bjørgum skule på Voss og Brakanes skule i Ulvik vert omtala under avsnittet om born og unge.

Konsertrekka i Osasalen på Ole Bull Akademiet hadde svensk/japansk opning med trioen Naoko Sakata. Deretter stod Jazzperlene i kø; Håvard Stubø Quartet, Bobo Stenson, Espen Eriksen trio med Eva Bjerga Haugen og Sidsel Endresen og Håkon Kornstad gav alle sterke konsertar av høg kvalitet. Vossa Jazz nytta fire nye lokaler i samband med årets festival. Sævelid var heimen til felespelar Sigbjørn Berhøft Osa. Det er hundre år sidan Osa vart fødd og festivalen markerte dette med å nytta denne scena til to duo-konsertar: Mari Kvien Brunvoll og Stein Urheim, etterfulgt av den belgisk/svneske duoen Mathilda Renault og Jonas Knutsson. Tre Brør er kafeen i Hålandshuset der Vossa Jazz har kontor, her serverte me brunsjkonserter med Sigrild Moldsestad og Mari Persen. Ringheim kafé hadde Lyrikk og jazz med Knut Hoem og Dj Barabass og hundre personar frå lokalt storband og kor leverte ei mektig framføring av Sacred Concert av Duke Ellington i Nain.

Fraktgodsen er festivalens jazzscene. Premieren på Scent of soil av og med Tore Brunborg og Kirsti Huke opna ballet i Fraktgodsen. Ein anna vossing, Kåre Kolve, besøkte festivalen med sin kvartett og eigenskriven musikk. Jazzmob held ein intens konsert som gnistra. Det var òg internasjonal stemning i Fraktgodsen: fransk, engelsk, belgisk og finsk musikk på menyen med Vincent Cortois Quartet, Flat Earth Society, Mikko Innanen & Innkvistio og Andy Sheppard. Alle stod for konsertar av høg kvalitet, her var det musikalske galskap, varsemnd og møte mellom musikarar og publikum av dei sjeldne.

Tradisjonelt har Vossa Jazz presentert jazz, folkemusikk og verdsmusikk. I år var det mellom andre våre eigen Mari Boina som trollbandt publikum. Det var spesielt stas å ha Boina tilbake på festivalen, 16 år etter at ho skreiv tingsverket til festivalen. Årets kyrkjekonsert stod Herborg Kråkevik og Anne Grete Preus for, Noora Noor og Ingrid Olava sytte for også for fulle hus.



#### **TILBOD FOR ALLE**

Vossa Jazz skal gje musikalske opplevingar utanom det vanlege, òg for dei yngste. Badnazz hadde 10 års jubileum i år og dette vart markert med stor parade laurdag føremiddag etterfulgt av konsert ute på Mølstertunet med Lektor Bjerkes orkester. I tillegg var det utstilling "Auga som ser" der born og unge tok bilete under festivalen og sette saman desse til ei utstilling.

## BADNA JAZZ




Sundag fann endå ei nyskaping stad: Badnajazz sitt tingingsverk. I år var det Side Brok med elevar frå Bjørgum skule på Voss og Brakanes skule i Ulvik som stod for det musikalske. Borna hadde jobba saman med Runar Gudnason i forkant og skrive dikt og tekstar som dei framførte med rap. Det vart ei festframsyning med trøkk og sjarm som publikum som var så heldige å få plass i ein fullsett Vossasal vil ha med seg lenge.

Vossa Jazz har òg ei sterk satsing på ungdom; **UNGjaJAZZja!** Dette er ei satsing for, av og med ungdom. Satsinga er eit samarbeid mellom Voss Kulturskule, Voss Jazzskule, Voss skulemusikk og Vossa Jazz. Tilbod om individuell undervisning på trommer, gitar, saksofon, piano og samspelundervisning går året gjennom. Under festivalen skipa Vossa Jazz til gratiskonsertar med studentar frå Jazzlinja i Trondheim, etterfulgt av to verkstader; éin for elevar ved Voss Jazzskule med studentane frå Trondheim som instruktørar og ein der Kåre Nymark var leiar for elevar i UNGjaJAZZja. Begge grupperingane hadde konsertar underfestivalen. Slik vert målsettinga om å spreia og skapa interessa for jazz og nærliggande musikkformer òg planta hjå den yngre garde.

Årets festival baud som vanleg på eldrejazz, samt gratiskonsert både på torget og jazzkafé på Park. Nytt av året var Superjazz som er eit tilbod for menneske med nedsette funksjonsevner. Fullt hus tyder på at dette er eit tilbod som var etterlengta.

## FESTIVALKUNST

Festivalen har ein lang tradisjon på å utfordre kunstnarar til å lage plakaten. I år var det fotograf Vidar Herre som laga "Møte med veggen" Saman med Voss kunstlag skipa festivalen òg til utstilling med plakatkunstnaren. I år var det Morten Krogvold som stod for opninga av utstillinga.



"Møte med veggen" av Vidar Herre

## GODT MILJØ PÅ VOSS

Vossa Jazz er oppteken av miljø. Næringslivsseminaret "Vossakveik" vart skipa til i samarbeid med Indre Hordaland Miljøverk. Arne Hjeltnes var møteleiar og Øystein Dahle, Erik Thorstvedt og Morten Krogvold tok oss gjennom seminaret der fokus var kulturbasert næringsliv og klima. I tillegg har festivalen fokus på godt klima, inne og ute. Det er viktig at alle trives på festivalen; både musikarar, gjester og medarbeidarar. Me hadde gjenbruk av møblar og liknande i scenedekoren vår òg i år og hadde fokus på å nytta miljøvenleg transport så langt det var mogeleg.

## PRISAR

Kvart år deler Vossa Jazz og Hordaland Fylkeskommune ut Vossa Jazz prisen. Prisen skal gå til den musikaren i fylket som har gjort seg mest bemerkta gjennom året og prisen for i år var den 23. i rekkja og gjekk til Stein Urheim. I tillegg vart Badhajazz prisen og UNGjaJAZZja! prisen delt ut. Sistnemnde vert delt ut av Vossa Jazz sin hovudsponsor; Vossa Jazz lauset. Prisen på kr 10 000 skal gå til unge band/artistar som har hatt stor utvikling og spreidd musikkglede for seg sjølv og andre det siste året. I år var det bandet Nightlights som fekk prisen.

Konklusjonen for Vossa Jazz 2010 er at festivalen har levert eit program med høg kvalitet, stor breidde i tilboda og ein klar profil. Vossa Jazz er stolte av det gode samarbeidet me har med andre aktørar i bygda, og at tilreisande seier at det er ein spanande festival med eit godt klima for god musikk og gode opplevingar.

### **ØKONOMI - OFFENTLEGE TILSKOT**

Den vellukka festivalen i år - m.a. med auka publikumstal - gjer at Vossa Jazz no er komen over den verste kneika. Det er likevel viktig å understreka at styret og administrasjonen òg framover vil ha sterk fokus på økonomistyring.

Festivalen mottok i 2010 kr. 1.100.000 frå Norsk Kulturråd, kr. 343.000 frå Hordaland Fylke (25 000 av desse går til Vossa Jazz prisen) og kr. 225.000 frå Voss kommune i driftstilskot. I tillegg mottok festivalen prosjekttilskot m.a. frå Norsk Kulturråd og Visjon Vest. At kulturrådet valte å kutta stønaden til festivalen med 50 000 kroner i år var eit overraskande og lite heldig signal. Vossa Jazz er eit av lokomotiva i det norske jazzmiljøet og det er viktig at det offentlege òg ser rolla festivalen har lokalt, regionalt og nasjonalt. Det er difor særst viktig at me vert sikra ei oppjustering av tilskota framover, då offentlig medverknad er avgjerande for vidare kunstnarleg utvikling av Vossa Jazz og kontinuitet i arbeidet.

### **SPONSORSTØTTE**

Festivalen sin hovudsponsor er det lokale næringsliv gjennom Vossa Jazz lauset. Dette sikrar sponsorinntekter i overkant av kr. 400.000 pr. år, òg neste år. Festivalen har, som alle andre kulturtilskiparar, arbeidd hardt mot større "nasjonale sponsorar" utan at det har gjeve nokon tydeleg gevinst for sponsorinntekter. Det er litt underleg at når festivalen har ein profil og eit innhald som tydeleg fell i smak slik eit rekordstort publikum syner, så er dei store sponsorane vanskelege å få i tale. Vi vil styrke arbeide med å vise desse at Vossa Jazz er verd ei satsing også for dei.

Voss, 18. mai 2010

Trude Storheim,  
Dagleg leiar